


# BOKN BYGDEBLAD

Nr. 2 - FEB./MARS 1988 ÅRG. 3

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR

## Kommuneplan for Bokn kommune FRAM TIL ÅR 2000



Bokn kommune har no starta kommuneplanarbeidet for perioden 1988 til år 2000. Utgangspunktet for arbeidet vil vera kommunen sin fastlandsforbindelse frå 1990.

Kommuneplanen inneheld ein kortsiktig og ein langsiktig del.

Den langsiktige delen inneheld:

- Pkt.1. Mål for utviklinga
- Pkt.2. Retningslinjer for gjennomføring
- Pkt.3. Arealdelen

Den kortsiktige delen (handlingsprogrammet) inneheld:

- Føresetnader
- Sektorprogram
- Langtidsbudsjett

Det er den langsiktige delen av kommuneplanarbeidet ein no har starta opp med - Pkt.1 - Mål for utviklinga.

Deretter vil ein starta opp med pkt. 3 - Arealdelen.

Kommuneplanarbeidet er ein prosess der både enkeltpersonar og grupper vert invitert til å ta aktiv del i planarbeidet.

## Kommuneplan ---

For å få til ein aktiv medverknad vil ein halda 4 allmannamøte i kommunen der ein vil be om merknader til Del I - Mål for korleis Bokn kommune skal utvikla seg fram mot år 2000.

I tillegg vert enkeltpersonar og lokale organisasjonar invitert til skriftleg å koma med sine merknader til Del I innan 15.mars.

Allmannamøte for Austre Bokn vert på Austre Bokn bedehus, 29.februar, kl. 19.00.

Allmannamøte for innbyggjarane som høyrer til Hognaland krets samt Gundarstad og Trosnavåg, vert på Boknatun (allrommet), 2.mars, kl.19.00.

Allmannamøte for innbyggjarane i Førsvik, (gnr.9 og 10) vert på Boknatun (allrommet), 3.mars, kl.19.00.

Allmannamøte for innbyggjarane på Alvestad, (gnr.11), vert på Boknatun (allrommet), 7.mars, kl.19.00.

## Møte om Barne- og ungdomsplan for Bokn


Mandag den 29.februar kl.19.30 er alle interesserte invitert til eit ope møte i Allrommet, Boknatun om barne- og ungdomsplanleggjing.

Det er Bokn kulturstyre som arrangerer møtet, og ein inviterer spesielt politikarar frå kulturstyret, helse- og sosialstyret og skulestyret, pluss alle andre interesserte. Sentrale folk i lag og foreningar er også spesielt invitert.

Kulturkonsulenten i Tysvær - Ingvar Frøyland - vil orientera om barne- og

ungdomsplanen som nettopp er utarbeidd i Tysvær kommune.

Ein barne- og ungdomsplan burde vera svært aktuell for Bokn nå rett før fastlandssambandet skal realiserast. Ein slik plan går m.a. ut på kartleggjing og oversikt over barn og unge sine oppvekstvilkår, for å finna ut kor framtidige tiltak bør setjast inn. Ein slik plan skal gi eit heilskapleg oversyn over tiltak, ressurser og problemfelt som har med oppvekstmiljøet å gjera for barn og unge i kommunen.



Det er 1.025.203 barn og unge mellom 0-17 år i Norge.

## "Boknatun"

### Rådmann og kommuneingeniør sekretariat for kommuneplan- arbeidet

Bokn formannskap har ovafor kommune-  
styret tilrådd at arbeidet med kom-  
muneplanen vert lagt opp slik at  
rådmann og kommuneingeniør vert sek-  
retariat for arbeidet inntil vidare.

Dersom det lukkast å få tilsett ing-  
eniør med nødvendige kvalifikasjonar  
i den utlyste stillinga, vil sekre-  
tærfunksjonen og ansvar for planar-  
beidet bli overført til vedkommande.

Ordninga vil føra til ekstraarbeid  
for rådmann og kommuneingeniør som  
det må tilstås ordinær timegodtgjer-  
sle for.

Formannskapet får fullmakt og ansvar  
til å følgja opp arbeidet økonomisk.

### Bygdebladet kostar pengar

Bokn kulturstyre gjorde i møte den  
28.01.88 vedtak om at Bokn Bygdeblad  
skal halda fram med kultursekretær  
Reidar Alvestad som redaktør. Bokn  
kulturstyre skal vera styre for byg-  
debladet.

Kulturstyret vedtok vidare at det av  
arbeidet med bygdebladet som ikkje  
kan utførast i ordinær arbeidstid,  
skal lønast etter nærare retn.liner  
og rammer fastsett av kommunestyret.

Det skal gis ut 10 nr. pr. år, og  
kulturstyret foreslår ein årskontin-  
gent innan kommunen på kr.50,- pr.  
år, og kr.100,- utanbygds pr. år.

Det skal utarbeidast framlegg til  
retningsliner for bygdebladet, og  
heile saka skal deretter opp til ny  
behandling i kulturstyret, formann-  
skap og kommunestyre.

"Boknatun" kan bli namnet på kombi-  
bygget. Bokn formannskap gjorde sam-  
røystes vedtak om dette på møte den  
26.januar 1988.

Så er det opp til kommunestyret å  
ta avgjerd om dette blir det ende-  
lege namnet.

Tidlegare hadde kulturstyret gått  
inn for namnet "Varden", m.a. med  
henvisning til at kommunevåpenet har  
ein varde som symbol.

Både sekretær i kulturstyret og råd-  
mann har tilrådd namnet "Boknatun".

Andre framlegg som har kome inn er:

Bokn Øyahas  
Bokn Grendahus  
Øytun  
Viktun  
Fjelltun  
Bokn's Storhus  
Bokn's sentrumshus

### UTSETJING AV HARE PÅ BOKN

Medlemmene i viltnemnda har sett ut  
16 harer i Bokn.

Dette har kosta dei kr.4.000,-. Dei  
har og planar om å setja ut fasaner  
- til ein kostnad av kr.2.000,-.

Bokn formannskap har etter søknad  
frå viltnemnda løyvd kr.2.000,- til  
kjøp og utsetjing av vilt.

### Utdanningsstipend til personale ved Bokn skule

Bokn skulestyre vedtok i møte 28.  
januar 1988 å løyva kr.6.000,- i ut-  
danningsstipend til Svein Veia og kr.  
6.000,- til Arvid Jøsang, mot at dei  
bind seg til teneste i kommunen i 1  
år frå 01.01.88.

Utdanninga dei har søkt stipend for  
er jus grunnfag i Kopervik, og det  
går over 3 semester.

**150 kroner er nok til mat  
for en familie i  
Etiopia i én  
måned.**



Postgiro 100  
Bankgiro 100

**KIRKENS NØDHJELP**

Postboks 5868 HEGDEHAUGEN, 0308 Oslo 3



# Klipp frå årsmeldinga 1987 frå landbrukskontoret, jordbruks- etaten i Tysvær, Bokn og Haugesund.

## Ver og avling i jordbruket.

Året starta opp med sterk kulde og med heller uvanleg mykje snø, som også blei liggjande lenge utover vinteren. Våren kom likevel til normal tid og med godt arbeidsver.

I heile vekstsesongen var det lagleg ver, og sjølv om sommartemperaturen var noko låg fekk ikkje dette noko innverknad på dei vanlege jordbruksvokstrane. Også hausten blei sers fin med heller lite nedbør, og mildveret held seg slik til månadskifte nov.-des. da vi fekk ein kuldebolc. Men uti des. slo det om til mildver att og året gjekk ut med uvanleg høg temperatur, + 8 - 10 grader.

Våronna kom i gang til normal tid, og med det gode arbeidsveret gjekk arbeidet fort unna. Voksteren kom godt i gang, og sjølv om det ble ein noko kjølig sommar, blei det jamt over gode avlingar av dei vanlege jordbruksvokstrane.

Grasavlingane blei svært gode, og særleg 1. slåtten gav langt over normal avling, men også 2. slåtten gav stort sett gode avlingar, og samla har vi vurdert gravavlingane til 107% av normal års avling. Då det også var lagleg ver under innhaustinga, blei forkvaliteten også god. Det meste av graset blir lagt i silo, men på grunn av store avlingar og for liten silokapasitet blei ein del rundballeensilert. Også kulturbeita var fine og gav over normale avlingar, medan poteter og rotvokster kom ut med omlag normalårsavling.

For bær og grønsaker var også avlingane omlag som eit normalår, men fruktavlingane låg på berre 50% av normalt. Årsaka var her vesentleg at året 1986 hadde ringe verforhold, og gav dårleg grunnlag for frukt i 1987.

## Husdyrbruket.

I tabellen for husdyrtalet i dei tre kommunane har vi også tatt med tala frå 1986 for samanlikning.

	Mjølke- kyr	Andre storfe	Vinterf- sau	Avls- purker	Sl. svin	Høns	Revar	Mink
Bokn								
1986	285	660	2570	43	275	5100	30	
1987	264	666	2544	53	308	5105	31	30

## Utviklingstrekk for landbruket i 1987.

Av tala ovanfor om husdyrbruket går det fram at tall mjølkekyr er gått tilbake i alle kommunane med 5% i Tysvær og Haugesund og 7% i Bokn. Årsaka til dette er vel vesentleg at mjølkemengd pr. ku aukar og at mjølkekvotane med det blir oppnådd med ferre tall mjølkekyr.

Også sauetalet er gått lite tilbake i alle kommunane, og i Tysvær er det heller stor auke i tall høns. Både Tysvær og Bokn har hatt lite pelsdyr, og har framleis lite sjølv om det relativt har vore sterk auke i 1987.

Bygging av nye driftsbygningar har det vore mindre av siste året. Dette har vel samanheng med trangare tider i jordbruket og ein del pessimisme i næringa.

Når det gjeld forhausting har det dei aller siste åra kome ny metode med rundballeensilering av foret. Her i distriktet blei det forsøkt i mindre målestokk i 1986, og då resultatet blei godt blei ein god del for hausta på denne måten i 1987. Førebels blir det berre hausta ein mindre del av foret som så blir fora opp om hausten.

## LANDBRUKSKONTORET SITT ARBEID.

### Administrasjonen.

Jordbruksetaten sitt distrikt omfatta kommunane Tysvær, Bokn og Haugesund. Hovudkontoret ligg i Tysvær kommune sitt rådhus i Aksdal. Har avdelingskontor i Bokn og Haugesund med kontorteneste ein dag i veka.

Stillingane ved jordbrukskontoret er desse:

2 heradsagronomar, 2 jordstyreteknikarar og 1 kontorfullmektig (2 halvdagsstillingar). Det har ikkje vore skifte av personale i desse stillingane i 1987.

Frå tidlegare hadde vi kontorfellesskap med skogbruksetaten, og i 1987 flytta jordskifteverket sitt soknekontor for Nord-Rogaland sine kontor frå Haugesund til kontorfellesskap med landbrukskontoret i Tysvær.

### Landbruksbanekn.

Det er i 1987 ikkje løyvd lån av landbruksbanken til noko tiltak i Bokn.

### Investeringsstilskot.

Godkjendte planar med statstilskot 1987:	Bokn	
	tal.søkn.	da/m <sup>3</sup>
Fulldyrking	2	6,1
Grøfting	2	19,0
Senking	1	15,0
Silo/pressaft	1	196,2

Fulldyrking med statstilskot er omlag som året før, men er sterkt redusert i høve til for nokre år tilbake, da det nå berre blir gitt tilskot til dyrking i samband med bruksutbygging. I høve til året før er det i 1987 auke i grøfting i Tysvær og i Haugesund er det auke i pressaftanlegg. Elles er det mindre variasjonar i høve til året før.

### Produksjonstillegg.

Det er i 1987 betalt ut produksjonstillegg og fordelt på tal søkjarar slik:

	<u>Søknad pr.1/8-86</u>	<u>Søknad pr.1/1-87</u>	<u>I alt</u>
Bokn			
Tal søkjarar	68	67	
Produksjonstillegg	kr.1.414.823	1.571.199	2.986.022

### Anna.

Det manglar framleis ein god del på at alle nyttar seg av avløysarordninga. Grunnen er vel i enkelte høve at det ikkje er stort behov for avløysing, men det er vel heller ikkje alltid like lett å skaffa avløysar. Etter at det dei siste åra har vore organisert avløysarlag, som mellom anna skal prøva å skaffa avløysarar, har nok dette betra seg.

Oppstillinga nedanfor viser utnyttinga av avløysarordninga.

	Har rett på avl.	Har nytta avl.	Utnytting i %
Bokn	70	53	75%

### Landbruksnemndene.

Landbruksnemnda i Tysvær hadde i år fem møte, Bokn hadde 3 møte og Haugesund 3 møte.

Nedanfor er ført opp antall behandla saker gjennom året. For samanlikning er ført opp antall saker i 1986.

	Saker i alt	Delegasjon	Jordl.	Sakstypar	Kons.l.	Reg.pl.ol.	Anna
Bokn							
1986	20	1	11	4	-	-	5
1987	21	11	11	3	1	-	6

landbrukskontoret.....

## Rettleiing.

I 1987 blei temaet "Arbeidsmiljø" prioritert som rettleiingstiltak. Landbrukskontoret arrangerte møte i Tysvær og Bokn saman med Bondelaga og Bønde- og Småbrukarlag. Ein reknar med at omlag 100 bønder deltok på desse møta.

## Planlagde prosjekt 1988.

Landbrukskontoret har for 1988 prioritert arbeidet med registrering av jordbruksareala på alle bruka i distriktet.

Då produksjonsgrunnlaget på kvart bruk vil bli lagt til grunn for dei framtidige mjølkekvotane er det særst viktig å ha dei rette tala for jordbruksareala på kvart bruk. Ein vil også truleg frå 1988 få nye forskrifter for spreining av husdyrgjødsel med reglar for spreieareal. Dette vil også gjera det nødvendig å ha dei rette areala på kvart bruk.

Så langt vi rekk i tillegg til dette vil vi i 1988 i samarbeid med forsøksringen arbeida ut gjødselplanar for kvart bruk som ledd i kampen mot forureining frå jordbruket. Landbrukskontoret sitt arbeid blir i det høve å ta jordprøvar og setja opp gjødselplanar hjå dei som ikkje er medlemmer i forsøksringen.

## Skolekorpset i konkurranse.

Lørdag 6. februar reiste skolekorpset til Karmøy gymnas for å delta i den årlige skolekorpskonkurransen i Rogaland. Vi skulle konkurrere med 2 korps i 3. divisjon, og motivasjonen var på topp. Konkurransenivået er i dag mye høyere enn det var for noen år tilbake. Det forstod vi da 2. divisjons korpset Sevland var med i 3. divisjon. Og det var også Sevland skolekorps som fikk mest poeng. Vi ønsker dem lykke til i finalen den 21. februar i Stavanger.

Vi var meget godt fornøyd med innsatsen og trodde på en finaleplass, men vi led nok av at det var konkurranse-debuten vår. Det var vanskelig å godta at Buøy skolekorps fikk 1,5 poeng mer enn oss. Da vi fikk dommerkommentarene, var det kanskje en del som forandret mening.

Og det er nettopp dommerkommentarene som skal være en inspirasjonskilde for korpsarbeidet i framtida. Der er både positive og negative merknader til korpsets musikalske nivå, og vi vet bedre hva som må jobbes med framover.

Det er altså ingen grunn til å henge med hodet - i alle fall ikke når vi tenker på alle korpsene i samme divisjon som fikk dårligere poengsum enn oss (det var 3 stk. semifinaler

i 3. div.) + alle korpsene rundt om i fylket som ikke tør å melde seg på konkurr. VI DELTOK, OG ER VELDIG FORNØYD MED INNSATSEN. Det er det viktigste!

Det er ingen tvil om at korpset har hatt en utrolig utvikling de siste månedene - mye takket være 2 konkurranse-rettete seminarer og øket egeninnsats blant musikantene. Og det er akkurat dette som er formålet med konkurranser: "Å inspirere til øket innsats for å høyne det musikalske og tekniske nivå blant musikkorpsene i Norge" - sitat Norges Musikkorps Forbund.

Bokn skolekorps lider selvfølgelig av at bruene ikke er kommet. Det er sjelden at skolekorpsene mister sine musikanter etter 9. klasse. Men så kan vi alle fall glede oss til fastlandsforbindelsen er en realitet.

Undertegnede tror den positive bølga korpset er inne i nå er kommet for å bli. Korpset (inkl. støtte-medlemmene) har aldri spilt bedre, og det er å håpe at musikantene er med til det året de fyller 19 år - slik at Bokn kommune har et skolekorps å være stolt over i framtida.

Hilsen  
Jardar

## NYE NEMNDER:

Det var i siste bygdeblad dessverre feil m.h.t. leiar og nestleiar i den nye landbruksnemnda.

Dette er rett:

### Medlemmer:

SP: Sigvart Våga, Daniel Thuestad.  
AP: Gustav Solberg.  
H/KRF: Kjell Øvrebø, Harry Vågshaug.

Leiar: Sigvart Våga  
Nestleiar: Gustav Solberg

## LIKESTILLINGSUTVAL

### Medlemmer:

AP: Else Kjellesvik, Arvid K. Jøsang.  
SP: Sigrunn Hole Hosaas, Liv Alise Lie, Torleif Jøsang.  
H/KRF: Tor Våge, Marie Vågshaug.

### Varamedlemmer (personlege):

AP: Berit Are, Birger Lindanger.  
SP: Anna Hognaland, Asta Kro, John Magne Lie.  
H/KRF: Trond Nedrebø, Lindy Haram.  
Leiar: Sigrunn Hole Hosaas  
Nestleiar: Marie Vågshaug

## ADMINISTRASJONSUTVAL:

Formannskapet vert vald til administrasjonutval.

## STYRET FOR BARNEHAGEN

### Medlemmer:

Ragnhild Laupland, Edgar Våge.

### Varamedlemmer (personl.):

Svanhild Alvestad, Ivar Alvestad.

## BARNEHAGENEMND

Medlemmene i barnehagenemnda skal vera identiske med medlemmene i skulestyret.

## VILTNEMND/INNLANDSFISKENEMND

### Medlemmer:

Håkon Bokneberg, Vidar Grønnestad, Ottar Borgenvik, Else Kjellesvik, Annbjørn Sunde.

### Varamedlemmer (Personl.):

Daniel Thuestad, Jan Are, Håvard Hetland, Tove Steingilda, Solfrid Kro.  
Leiar: Annbjørn Sunde.

## FISKERINEMND

### Medlemmer:

Herlaug Alvestad, Augustin Thuestad, Bernhard Våge, Lars Magnus Alvestad, Tore Øvrebø.

### Varamedlemmer (Personl.):

Hanna Alvestad, Ivar Alvestad, Rune Vatnaland, Lars Sigmund Alvestad, Bjarne A. Våge.

Leiar: Augustin Thuestad  
Nestleiar: Tore Øvrebø

## KOMMUNEPLANUTVAL

Formannskapet vert vald til kommuneplanutval.

## STYRE TIL BOKN BYGDEMUSEUM

### Medlemmer:

Liv Vatnaland, Harry Vågshaug, Målfrid Kro Trosnavåg, Birger Lindanger, Eivind Øvrebø.

### Varamedlemmer (Personl.):

Svein Ivar Langhelle, Bernhard Våga, Møyfrid Vatnaland, Østen K. Hognaland, Anna Hognaland.

Leiar: Eivind Øvrebø.

## LAGRETTEMENN

Finn Kro

## DOMSMENN FOR LAGMANNSRETTE

Helga Alvestad

## SKJØNNSMENN

Sigvart Våga  
Ingvar Alvestad

## JORDSKIFTEMENN

### Medlemmer:

Karen Hetland, Sigmund Alvestad, Magne Are, Sigvart Våga, Eiliv Vatnaland, Thor Jøsang, Ståle Trosnavåg, Ernst Øvrebø, Arne Våge, Edvin Øvrebø, Alf Alvestad, Håkon Bokneberg, Reidun Grønnestad, Magnus Vågshaug, Lars Bokneberg, Solveig Våga Loten, Østen K. Hognaland, Mathias Are, Thor Alvestad, Bjarte Kro.

## FORLIKSRAÐ

### Medlemmer:

Sigvart Våga, Mary Øvrebø, Mathias Are.

### Varamedlemmer:

Jens Økland, Gunnhild Grønnestad, Anne Guri Bokneberg.

Leiar: Sigvart Våga.

## DOMSMENN FOR HERREDSRETTE

### Medlemmer:

Svein Kro, Bertha Våge, Kjell Kro, Møyfrid Vatnaland, Jakob Are, Herlaug Alvestad.

## Kommunal over- taking av privat- veg i Loden.

Teknisk utval rår til at kommunen overtar ein vegstrekning frå der fyikesvegen endar i Loden og fram til Loden Laks sitt kaianlegg på Lyngnes på visse vilkår.

Saka skal vidare til formannskap og kommunestyre til endeleg avgjerd.

# R

## RIKSKONSERTENE



HEGE MARIE KLUCK

SIGNE BAKKE

## KONSERT FOR ELDRE "Lokkende toner" - Hege Marie Kluck, song og Signe Bakke, piano.

Fredag den 4.mars kl.19.15 blir det konsert for eldre på Allrommet i Boknaten. Det er Rikskonsertene som er ute på vårturné i institusjonane innan helse- og sosialetaten. Sidan Bokn sjukestove har så lite antal pasientar, må ein invitera fleire for at dei skal koma innom Bokn.

Det er Hege Marie Kluck (song) og Signe Bakke (piano) som står for programmet som er frå gullalderen i norsk kulturliv, med songar og klaverstykke av våre fremste nasjonale tone-diktatarar som Kjerulf, Grieg og Agatha Backer Grøndahl. Men folkemusikk høyrer også med i programmet, og det blir tussefløytelåtar og blåsing på lur.

Artistane håpar at publikum har lyst å syngja eller nynne med i nokre av desse kjente og kjære songane.


Programmet varer ein snau time.

Velkommen!

Helsing helse- og sosialetaten  
i Bokn.



## Registrering av gamle leiker i kommunen vår.



Rogaland Husflidslag skal i første halvdel av 1989, ha ei utstilling på Hå gamle prestegard om "Barn og leik".

I denne samanheng vil laget få registrert så mykje som råd er av gamle leiker som fins i fylket.

Underteikna vart kontakta av fylkesformann Marit Aartun i Rogaland Husflidslag om hjelp til registrering av gamle leiker i vår kommune.

Registreringa vil bli gjort på følgjande måte:

- 1: Ta kontakt med meg om du har gamle leikety du vil låne ut ei lita stund.
- 2: Deretter avtaler me ein dag for registrering og innlevering. Det skal fyllast ut eit registeringskort.
- 3: Når alle tinga i kommunen er innleverte, vil Distriktskonsulenten i Husflid i Rogaland, Anna Halsne koma og fotografera tinga.
- 4: Etter dette vil folk få tinga attende.

Ut frå dette registrerte materialet, skal ting plukkast ut av utstillingskomiteen til utstillinga på Hå i 1989.

Registeringskorta vil seinare bli plassert på fylkeskulturkontoret, der kven som helst som måtte ha interesse av det, lett kan få tak i dei. Vår kommune vil få kopiar av korta til dei gjenstandane som høyrer til i kommunen.


I denne samanheng synest eg og det kan vere gildt å lage til ei lita lokal utstilling av desse leikene før folk får dei attende.

Dette er ein del av vår kulturarv, - vis interesse - ta kontakt!

Med helsing

Ingjerd Thuestad

- leiketyinteressert boknar -



# Trygghet i eldre år

Det er mye en kan gjøre selv for å unngå uhell i hjemmet.  
Her er noen stikkord.



1. SE PÅ TRAPPENE DINE, har de rekkverk på *begge* sider?

Hvis ikke, kan du sette opp rekkverk selv eller kontakte håndverker, evt. henvende deg til sosialkontoret.



2. HVA MED TEPPENE DINE, ligger de stødig på gulvet?

Hvis ikke, kan du få dem til å ligge stødigere ved å bruke teppe-underlag. Det får du kjøpt hos teppeforhandlere.



3. HAR DU SKJØTELEDNINGER TIL TELEFON, OVNER, LAMPER eller lignende løse på gulvet?


Med en **Gjør det selv**-pakke fra Televerket kan du, på en enkel og rimelig måte, skaffe deg et ekstra telefon-uttak.

Og snakk med en elektriker, han kan sette opp ekstra el-punkter og bytte ut frittstående el-ovner med veggfaste panel-ovner.



4. DET ER TRYGGEST Å UNNGÅ KLATRING PÅ STOLER OG KRAKKER

Hvis du *må* opp i høyden, skaff deg en stødig trappestige fra nærmeste jernvarehandel.




# Statens forurensningstilsyn

## VARSLING AV AKUTT FORURENSNING

Med akutt forurensning menes alle utslipp som følge av ulykker som inntreffer plutselig og uventet. Typiske tilfeller er oljesøl f.eks. som følge av skipshavari eller utslipp av kjemikalier og andre skadelige stoffer på grunn av uhell i industrien eller under transport. Ulovlige utslipp gjort med hensikt, f.eks. utpumping av spillolje fra skip kommer også innunder dette begrepet.

**Hovedgangen for varsling er:**



OPPLYSNINGER SOM FORURENSNINGSMYNDIGHETEN ØNSKER ER:

1. Utslippet ble observert fra: (fly, båt, andre?)
2. Tidspunkt utslippet ble oppdaget?
3. Stedet hvor utslippet fant sted/evt. ble observert? (Stedsnavn/posisjon og fylke)
4. Mengdeangivelse av utslippet (størrelsesorden)! (I sjø, evt. angi utbredelse av utslippet (i m el. km))
5. Type utslipp (om mulig, - evt. angi lukt, farge o.l.)!
6. Skadevolder (om denne er kjent, evt. angi om kilden er skip eller landbasert virksomhet).
7. Hva gjøres med utslippet (tiltak om dette er kjent)?
8. Hvem andre er varslet?

# Ikkje kommunalt vatn langs riks- vegtraseen til AUSTRE BOKN.

Teknisk utval gjorde i møte den 9. februar vedtak om å ikkje rå til at det vert lagt vassleiding langs den nye riksvegtraseen på Austre Bokn. Dette vedtaket vart gjort på grunnlag av dei opplysningane som i dag ligg føre m.h.t. kostnader, antal abonnentar m.m. Teknisk utval ber likevel om at kommuneingeniøren undersøker det reelle behovet for vassforsyning i Kro/Øvrabøvågen.

Vidare vil teknisk utval tilrå at det blir lagt 6" vassleiding gjennom tunnelen (Håklepp) og i fyllinga ved "bruhovudet" på Øyren. Det siste med tanke på ev. bustadbygging sør for Øyren på Austre Bokn.

I samband med spørsmålet om kommunal vassforsyning på Austre Bokn

var det fleire spørsmål som var oppe - m.a.:

- Skal det leggjast til rette for vassforsyning på Ognøy?
- Kor skal bustadbyggjing regulerast på Austre Bokn, og kor mange hus?
- Vil det eventuelt vera rettare å føra vassleiding sørover til Våga?
- Konsekvenser for andre utbyggjingsprosjekt.

Det er ikkje budsjetterte midlar i 1988 til hovudvassleiding på Austre Bokn. Kommuneingeniøren konkluderer med at hovudvassforsyninga på Austre Bokn må vurderast i samanheng med hovudplanen for heile vassforsyninga i kommunen.

## -KOM SÅ BYGGER VI-



Se vår  
huskatalog

70 SIDER MED HUS  
OG INFORMASJON!

Kontakt vårt kontor -  
kom gjerne innom -

så får du se tegninger  
på det huset du vil ha.

HØY STANDARD • GUNSTIGE PRISER

VI HAR KONTOR PÅ BOKN (GAMLE SR-BANKSLOKALER)

KONTAKT SOLVEIG GUNDERSEN

FAST KONTORTID:  
MANDAG OG TORSDAG

KL. 17-19


FOR AVTALER: TLF. 748501



# UTVIK <sup>A</sup>/<sub>S</sub>

TRELAST- OG BYGGEFORRETNING  
4262 AVALDSNES - TLF 04-843111

# « Biblioteket, »



## OPNINGSTIDER:

TYS DAG: 16<sup>00</sup> - 19<sup>00</sup>

TORS DAG: 10<sup>00</sup> - 13<sup>00</sup>

NYE TLF: 748500

**bøker for barn:**

## \* LESETIPS FOR MARS:

- \* Költzow, Liv:  
HVEM HAR DITT ANSIKT? Roman.
- \* Helöe, Berit:  
HJERTE MED DÖR. Roman.
- \* Mangeröy, Lillian C.:  
NADETID. Roman.
- \* Mageröy, Ragnhild:  
RISENS HJERTE og andre fortellinger.
- \* Holt, Victoria:  
SILKEFEIDEN. Roman.
- \* Kiskalt, Isolde:  
TROLLDEIG. Norsk utg.
- \* Hamsun, Tore:  
Rhapsody in blue. Roman.
- \* Asmervik, Sverre:  
KAMINI. Roman.

- \* Brønne, Trond:  
FOLK ER RARE.
- \* Magnussen, Åge:  
PELLE POLITIBIL.
- \* Kierulf, Anne:  
NICOLINE OG VILLKATTEN.
- \* Eriksen, Helga G:  
TASHI OG TANKEN SOM VART VEKK.
- \* Krossøy, Wenche :  
GULLNÖKKELEN.
- \* Holmås, Stig:  
ILDVOGNENE. 3. Bok i Apache-serien
- \* Griffiths, Ella:  
LÖGNEN SOM DREPTE. Ungdomskrim.

**NB:** Biblioteket er stengt 29. mars (gr. ferie)

NYTT TILBOD 1988 TIL ELDRE OG UFORE! **BØKENE HEIM TIL DEG!**

Har du lyst til å låne bøker, men finn det vanskelig sjølv å møte opp dei dagane biblioteket er ope, vil biblioteket i samarbeid med sosialkontoret, bringe bøker heim til deg.

Ta kontakt med biblioteket eller sosialkontoret tlf. 748500 og gje melding om kva bøker du ynskjer og me vil bringe dei heim til deg.

## JEGERPRØVEN 1988.

Jegerprøven er obligatorisk for alle førstegangsjegere. Prøven består av et obligatorisk kurs og en teoretisk eksamen.

Påmelding til kurset og eksamenen skjer ved henvendelse til en kontaktperson i den lokale jeger- og fiskerforening innen 20. mars d.å., ved å ri-

nge tif.nr.85 12 92.

Fylkesmannen har fastsatt at teoretisk eksamen skal holdes i hver kommune den 27. april. Praktisk kurs vil da være avsluttet.

Innbetalingsblankett for eksamensgebyr til staten (kr.150,-) vil bli utlevert under praktisk kurs.

BOKN VILTNEMND.

### "KOKEBOK I FOLKELIG PLANLEGGING"

Dette er tittelen på eit hefte som omhandlar planleggjing i kommunesektoren.

Heftet er sent ut til alle husstandane i Bokn kommune.

Det er meint som ei hjelp og rettleiing til publikum i samband med at alle nå er invitert til å vera med på allmanna møte i planprosessen, om korleis ein vil at kommunen skal utvikla seg mot år 2000.

Difor - kikk i heftet før du møter opp på allmannamøtet i din krins.  
Les elles s. 1 og 2 om kommuneplanmøtene og tidspunkt for desse.

SVERRE ØVREBØ  
BYGGMESTER

4290 FØRESVIK  
TLF. 04 748464

NYBYGG, REPERASJONER



**-fagkunnskap gir trygghet.**

## Kommunal renova- sjonsordning

på Austre Bokn

Teknisk etat har på grunnlag av spørsmål frå Austre Bokn sendt ut spørreskjema til alle husstandane der kor vidt dei er interesserte i kommunal renovasjonsordning. Resultatet av undersøkinga var at 12 husstandar var positive til renovasjonsordning.

Teknisk etat behandla denne saka i møte 23.02.88, og gjorde vedtak om at det skal opprettast kommunal renovasjonsordning på Austre Bokn frå 1.mai 1988.

Saka skal behandlast i formannskap og kommunestyre seinare i vår.

## ÅRSMØTE

### I BOKN AVLØYSARLAG

Fredag 11.mars 1988 kl.19.15

Bokn skule.

Vanlege årsmøtesaker.

Besøk av fylkesagr, Tor Magne Bjerga.

TEMA: Forureining, spreieareal - er det noko framtid for jordbruket i Bokn?

ALLE MEDL. M/EKTEFELLE ER VELKOMNE.  
Mat og kaffi.

ARR:

BOKN AVLØYSARLAG

## BOKN BRUKSKUNST

Aile som skal levere inn gjenstandar for vidare sal, må helst levere dette til utsalet fredag kl.17.00. Enkle ting kan me ta imot i åpnings-tida.

Eilers minner me om åpningstida:

Kvar laurdag kl.11.00 - 13.00.

## LEDIG BOLIGTOMT

Bokn kommune har for salg ei bolig-tomt på "kloakkargarden". Interesserte kan henvende seg til teknisk etat for nærmere opplysninger. Søknadsfrist: 11.mars 1988.

## VAL AV 17.MAI KOMITE FOR

4 ÅRS-PERIODEN 1988 - 1991

Formannskapet si tilråding til kommune-styret: (Samrøystes).

Skulestyret og hovedutvala for kultur, helse- og sosial og teknisk sektor blir for kvart år i kommunestyreperioden vald til 17.mai-komite i slik rekkeføl-gje:

1988 - skulestyret

1989 - hovedutval for kultursektoren

1990 - hovedutval for teknisk sektor

1991 - hovedutval for helse- og sosial-sektoren.

Dersom dette blir vedtatt i kommunestyret, er det ei endring frå forrige periode kor kommunestyret blir delt i fire, slik at på slutten av 4-års-perioden hadde alle kommunerepresentantane vore med i ein 17.mai komite.

**10 kroner rekker til**



**utplanting av  
et tre i Afrika.**

Postgiro 100  
Bankgiro 100

**KIRKENES NØDHJELP**

Postboks 5868 HEGDEHAUGEN, 0308 Oslo 3

## BOKN OG TYSVÆR BEGRAVELSESBYRÅ

JOHN MAGNE LIE

Tlf. 74 85 54

Eg ordnar alt ved dødsfall  
og gravferder.

Hentar og bringar.

Kister - Sangar - Kransar.

## ARR. I MARS

- 29.febr.: Møte om barne- og ungdomsplan i Allrommet.  
4.mars : Konsert for eldre i Allrommet.  
4.mars : Bingo, Bokn Brass, kl.19.30.  
9.mars : Hognaland barneforening har basar på bedehuset kl.19.00.  
11.mars : Bokn avløysarlag har årsmøte.  
13.mars : Musikkskulen har konsert.  
16.mars : Bokn Handelslag har årsmøte.  
20.mars : Bokn Brass har konsert.  
Diskoteket: 19.mars  
31.mars (skjærtorsdag)

## HELSESTASJONEN

Er stengt 14.03.88 p.g.a. vinterferie.

## Kyrkjebygg søndagsskule

i mars

Det er søndagsskule desse dagane i mars:

Søndag 13.mars kl.10.00.

Søndag 20.mars kl.10.00.

## KIRKENS NØDHJELP

### FASTEAKSJONEN 1988

BRØD FOR VERDEN

## FOTPLEIE

Det er fotpleie mandag 7. mars.  
Påmelding snarast tlf. 74 85 00.

## MØTE

4., 5., og 6. mars Israelsmisj.  
26. mars NMS basar Hognaland.

**ER DINE VERDISAKER**

**TRYGT PLASSERT?**

Du kan leige bankboks i SR-Bank Bokn.

Vi har brann og innbrotssikkert skap med 46 boksar i 3 ulike storleikar.

**Velkommen i banken!**

